



FjellNytt uke 18 - 2023

FjellNytt er et lite informasjonsskriv til deg som driver landbruk i Oppdal og Rennebu.

Tema: Mens vi venter på eit vårtegn -> Gjødslingsplan

Lite bemanning – betring i vente

Gjødselgassmåler


Prosjekt: Kvalitet frå jord til fôrbrett

Såfrøblandingar 2023

Kjøttforbruket i Noreg

Helsing **Torhild**

Mens vi venter på eit vårtegn



Kom mai du skjønne milde...- heller ikkje i år

Det er lite med vårtegn ute, så da får vi ha det trivelig i fjøset med lamming i sauefjøset og mjølkestell /fôring i kufjøsa.

Det er lite tele att mange stadar så det vil nok gå fort berre vi får bort snøen...

Mens vi venter er det tid til å forberede våronn og gjødsling. Å ha klar plan og innkjøpt gjødsel er viktig for den som skal gjødsel saubeiter. Å **gjødsla på enga der sau skal beite**, vil hjelpe på både farten og mengda. Å gjødsla vil ha to effektar. Det eine er å få graset rast i vekst, slik at ein får nok beitegras, det andre er å få eit balansert næringsinnhald i graset til desse høgtytande dyra.

Har du godt med areal i høve til antal dyr kan du greie deg utan å gjødsla, da vil dyra beite på dei beste plantene/ plantedelane og få nok og næringsrikt gras.

Om du gjødsla eller ikkje, så vil det å sleppe på fleire dyr over kort tid vere best både for graset og for dyra. Kvar plante vert da beite berre ein gong og vi unngår snaugnaging. Plantene vil da klarar seg betre enn om dei vert beita mange gonger. Dyra beitar på høgare planter og kjem ikkje i den grad i kontakt med jord mm.

«No skin det sol e høgste Svealiå. No bli det vår, det kjenne e så vel....»



Har du ikkje [gjødslingsplan](#) enno så ta kontakt med meg, så ordnar vi det !

Lite bemanning og mykje utearbeid

Lite bemanning og mykje utearbeid Vi har noko redusert bemanning, noko som gjer at det ikkje blir nokon på kontoret til ei kvar tid framover. Vi har mykje utearbeid med forsøksfelt

- så ring ! Torhild 955 57 932

1.juni har vi Jenny Kristin Heggvold på plass, så da er vi fullt bemanna att!



Gjødselgassmåler

Vi har to gassmålere til utlån her på kontoret. Disse låner vi ut gratis! Så har du behov for å låne en i røringa av møkkjelleren, ta kontakt med oss.

Prosjekt: Kvalitet frå jord til fôrbrett

For å få en god utnyttelse, må man vite hva man har av jord, gjødsel og areal, og hvordan utnytte dette best mulig. Vi ser på sammenhengen mellom næringsinnholdet i husdyrgjødsel på det enkelte gårdsbruk, utnyttelsen av denne, i sammenheng med kvaliteten på gras og grovfôret til produksjonsdyra. Det er no om lag 20 deltakere i prosjektet. Dette er svært bra for å **produsere kunnskaper både på det enkelte bruk og for heile fjellandbruket**. Dette er viktig for å optimalisere grovfôrproduksjonen i Fjellandbruket.

Gjennomføring:

* År 1- Prøve av husdyrgjødsel: for å kunne vite hva som tilføres til gras, gjennom husdyrgjødsel

* År 1 og År 2- Grasprøver rett før slått: for å kunne sjekke kvaliteten på gras, på rot ved slått

* År 1 og År 2- Fôrp prøve: for å kunne sjekke hva grovfôret inneholder

Har du interesse av dette har vi plass til noen flere i dette toårige prosjektet som starta i 2022.

Frøblandingar 2023

Frøblandingar på mjølkebruk med to slåttar

Til 2- to slåttar passer det med Lidar og Grindstad timotei. Noko engrapp og engsvingel må òg vere med. **Felleskjøpet** har spesialblanding for Oppdal også i år, i tillegg til *FK spire surfôr/beite vintersterk*, som har meir timotei og mindre engsvingel, men er utan kløver. Vil du ha med kløver og har gode overvintringsforhold kan du over på *FK Spire surfôr/beite normal*.

Norgesfôr har tre blandingar å velje mellom; Frøblanding nr 11 (med kvitkløver.) og nr 8 (med raudkløver og kvitkløver). nr 9 passer godt til våre beste strøk (80 % timotei og utan engrapp).

FK Spire Spør etter OPPDAL KU!!	Norgesfôr frøblanding nr 11
25% Timotei Grindstad 30% Timotei Lidar 30% Engsvingel Vinjar 15% Engrapp Knut	20% Timotei Grindstad 20% Timotei Lidar 15% Engsvingel Vestar 15% Engsvingel Vinjar 20% Engrapp Monopoly 10% Kvitkløver Litago/Edith
<i>Eller : FK spire surfôr/beite vintersterk, som er lik denne, som har meir timotei og mindre engsvingel.</i>	
Fleire kublandingar:	
Norgesfôr frøblanding nr 8 (erstatte nr 4)	Norgesfôr frøblanding nr 9
30% Timotei Lidar 25% Timotei Grindstad 20% Engsvingel Vinjar 10% Engrapp Monopoly 10% Raudkløver Lars 5% Kvitkløver Edith	40% Timotei Lidar 40% Timotei Grindstad 10 % Engsvingel Vestar 10 % Engsvingel Vinjar Uten kløver. Til de beste vekseplassane. (Bland gjerne inn 20% Engrapp Knut!)

Frøblandingar på sauebruk med beiting på enga

Felleskjøpet har Oppdal SAU. **Norgesfôr** har frøblanding nr 7 i sortimentet sitt: «Populær i Sør-Norge, Spesielt i Oppdalsregionen.». Eit anna alternativ frå Norgesfôr er frøblanding nr 3, men den høver best for dei aller høgaste områdene våre og med ein slått pluss kanskje noko beiting.

FK Spire Spør etter : OPPDAL SAU!!	Norgesfôr frøblanding nr 7
55% Timotei Lidar 30% Engsvingel Vinjar 15% Engrapp Knut	60% Timotei Lidar 20% Engsvingel Vinjar 15% Engrapp Monopoly 5% Engkvein Leikvin
	Norgesfôr frøblanding nr 3
	20% Timotei Noreng 40 % Timotei Lidar 25% Engsvingel Vinjar 15% Engrapp Monopoly

Det nye er strandsvingel

Det nye er strandsvingel som no er på markedet og etterkvart kjem inn i blandingar. Dei toler godt tørke men og Strandsvingelen sin fordel er at den er yterik, varig og at den tåler både tørke og oversvømmelse godt. I vekstrytme er strandsvingel ein typisk treslåttart med god og rask gjenvekst, med tidleg skyting og ein del strå i førsteslått, medan gjenveksten er nesten berre blad.

Det er no prøvd ut ulike sorter av strandsvingel også i våre forsøksfelt. Kora og Swaj som er med i felta i Oppdal og Rennebu (Nerskogen) og har overvintra i to år. Korleis felta er i vår veit vi enno ikkje. Kora og Swaj er tidlegare i utvikling enn dei andre sortane.

Blandingar til varig eng og beite

Til lengre omløp, treng ein allsidig blanding!

Til areal som er tenkt til langvarig eng bør ein bruke beitefrøblandingar. Dette er allsidige blandingar som konkurrerer godt med ugraset ut over engåra. Det er for seint å bestemme seg for at ei eng skal være langvarig når ein har sådd ei vanlig blanding. FK Spire beite *vintersterk eller* Norgesfôr frøblanding nr 5 passer godt, (men ver obs på at baa desse inneheld kløver).

Bruk 3-3,5 kg såfrø per dekar av alle eng-og beiteblandingar.

Bruk av dekkvekst: Det er enga vi sår no vi skal leve av dei neste 5-6 åra. Da har vi alltid spørsmålet skal vi bruke dekkvekst?- og kva kan vi bruke til dekkvekst? Når vi pløyer og sår er alltid målet å få til ei god eng. – Men også ei brukbar avling i gjennleggsåret er ønskeleg.

Det nyspirte graset er svak for konkurranse, så for at dette skal gå bra anbefaler vi å bruke berre reint bygg eller havre som dekkvekst, - ikkje bygg til sau. (Grønfôrblandingae er til bruk der vi har eit år med berre grønfôr.) Held vi oss til 8 kg såkorn gjev vi graset gode moglegheiter. Det er også brukt litt eittårig raigras, men da ska vi halde oss under 0,5 kg pr daa skal vi ikkje få for stor konkurranse til graset.




Kjøttforbruket i Noreg

Det er no ny diskusjon om anbefalt kjøttforbruk i Norge. Fakta er at forbruket av storfe og sau ikkje har auka sidan 1980- dvs at forbruket av rødt kjøtt / kjøtt av beitande dyr ikkje aukar. Stortingsrepresentant Jenny Klinge (Sp) mener nordmenn bør legge kjøttskammen på hylla, og at vi heller bør bekymre oss for arealer som gror igjen.

Dette er eit klapp på skuldra til alle oss som driv med beitande dyr og held produksjonsberedskapen opp - og eit vakkert kulturlandskap med stor biologisk mangfald.

Kjøttforbruk per kjøttslag

Kilo kjøtt per innbygger i året.



Grafikk: Lars Bilit Hagen • Kilde: Animalia

Ikke økning av rødt kjøtt

Se også Fagnytt fra NLR Trøndelag, som blir sendt ut på epost hver torsdag, for aktuelt fagstoff.

